



Den nye uteplassen ligg fint og skjerma til på oppsida av Helgheim.

Ungdomshuset Helgheim framstår meir og meir som det ultimate lokalet for koselege samkomer. Siste åra har det ikkje berre vore gjort godt vedlikehald av huset, men det har og skjedd ei opprustning og utbetring som gjer at det ærverdige ungdomshuset framstår som særdeles flott, funksjonelt og presentabelt.

Det siste som har skjedd, er at det no er bygd ein fin og godt skjerma uteplass på oppsida av huset. Plattingen er på 52 kvm, og i tillegg kjem inngangspartiet for rullestolbrukarar. Denne uteplassen vert svært så kjærkomen i bryllup, konfirmasjonar og andre festlege samvær når veret er fint.

Av arbeid som er gjort på huset siste åra, nemner vi oppussing av salen nede og nytt, flott og velutstyrt kjøkken. Det er kjøpt nye stilige stolar og bord både til salen oppe og kjellaren. Elles har blitt skifta vindauge, måla utvendig, instalert varmepumper og gjort ein del anna arbeid.

Eit godt tips til alle som er på jakt etter lokale til store dagar og anledningar, er å ta ein kikk på Helgheim. Der får ein i alle fall eit flott og godt lokale med sjel!

Ungdomslaget har ikkje så mange aktive, men dei som driv laget gjer ein fantastisk god jobb med huset!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland